

## 1 Innleiande merknader

Språkrådet er glade for initiativet frå Kunnskapsdepartementet om å greie ut om ei særfinansieringsordning for særleg utsette humaniorafag. Det trengst.

Vi meiner likevel at rapporten som no er på høyring, har for store manglar til at han kan nyttast for å etablere ei særfinansieringsordning. Ei rekkje sentrale og utsette humaniorafag blir på eit svært mangelfullt grunnlag definerte ut av temaet for rapporten. Dimed møter korkje analysen eller løysingsframlegga i rapporten dei faktiske behova. Språkrådet meiner difor at rapporten slik han ligg føre no, ikkje kan liggje til grunn for etableringa av ei særfinansieringsordning for utsette humaniorafag.

Språkrådet lurar også på kvifor utvalet ikkje har undersøkt nærare kva udekte behov for kompetanse innanfor små og utsette humaniorafag som finst ute i norsk forvaltning. Vi bed difor Kunnskapsdepartementet om ein dialog om kva tiltak som som kan sikre utsette humaniorafag som er særleg viktige for forvaltninga av lovpålagde kulturvernoppgåver.

Språkrådet og samfunnet elles er avhengige av forskingsbasert kompetanse i fleire språkfag, ikkje berre for å nå måla i språkpolitikken, men òg for at samfunnet som heilskap skal etterleve pliktene i fleire lover og internasjonale konvensjonar, t.d. forpliktingar plikter overfor nasjonale minoritetar.

Forskning som først og fremst gjeld norsk språk og norske kulturforhold, har i dag vanskar med å nå opp i konkurransen om utlyste forskings- og infrastrukturmidlar. Ei hovudutfordring er at humanistisk og anna forskning som gjeld spesifikt norske forhold, ofte strevar med å møte krava til internasjonalisering som ligg i utlysingane av midlar. Ei særfinansieringsordning for utsette humaniorafag må ta særleg omsyn til fag som tek føre seg spesifikt norske kulturhistoriske og kulturvitskapelege forhold, og som Noreg som nasjon difor har eit særskilt ansvar for, som del av verdsarven.

I høyringssvaret vil Språkrådet peike på at det er fleire lover og konvensjonar som er relevante for humaniorafag, enn dei som er nemnde i rapporten. Difor må også fleire fag vurderast som kandidat for ei særfinansiering. Språkrådet meiner dessutan at omgrepet 'fag' ikkje blir klarlagt i rapporten, og at ei operasjonalisering av ordninga må ta utgangspunkt i den studieadministrative eininga 'emne', ikkje 'studieprogram'. Det er vil vere mest realistisk at fleire utsette fag som t.d. namnegransking, leksikografi, terminologi og datalingvistikk, eksisterer på emnenivå.

Språkrådet meiner dessutan terskelen for å kvalifisere til ei særfinansiering ikkje kan liggje på mastergradsnivå, slik utvalet gjer framlegg om. Sjølv om det finst studietilbod på mastergradsnivå i utsette humaniorafag som t.d. kvensk/finsk (ved UiT), står fleire andre fag for svakt til å oppfylle eit slikt krav. Dimed vil faktisk ei ordning som det utvalet føreslår, bidra til å svekkje slike fag ytterlegare.

I høyringssvaret vil Språkrådet gå nærare inn på aktuelle fag i vårt kapittel 2.

### 1.1 Samfunnsbehov

Språkrådet ønskjer å påpeike at det krevst kompetanse i fleire ulike språkfag for at Noreg skal kunne etterleve pliktene i nasjonale lover og folkerettslege konvensjonar. Det dreier seg om fagkompetanse som må kome frå og utviklast ved institusjonane i høgare utdanning, ikkje gjennom tradert kunnskap i forvaltningsverket og elles i samfunnet. Det dreier seg om:

<b>Lover og forskrifter</b>	<b>Fagkompetanse</b>
-----------------------------	----------------------

Lov om stadnamn (stadnamnlova)	namnegransking
Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høgskulelova)	terminologi
Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)	nasjonale minoritetsspråk (kvensk, romani og romanes), nyare minoritetsspråk, teiknspråk, leksikografi
Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) (framlegg har vore på høyring, no under handsaming)	datalingvistikk, terminologi, klarspråk
Lov om språk (språklova) (framlegg har vore på høyring, no under handsaming)	leksikografi, nasjonale minoritetsspråk minoritetsspråk (kvensk, romani og romanes), teiknspråk, terminologi, klarspråk
Lov om personnavn	namnegransking
Lov om barnehager	teiknspråk
Lov om folketrygd	tolkefag, teiknspråk
Forskrift om ordning for døvemenigheter og døvepresttjenesten	teiknspråk

Konvensjonar	Fagkompetanse
FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)	teiknspråk
Den europeiske pakta om region- og minoritetsspråk	nasjonale minoritetsspråk (kvensk, romani og romanes)
UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven (2003)	namnegransking

Noreg har også underskrive følgjande deklarasjonar:

Deklarasjonar	Fagkompetanse
Deklarasjonen om nordisk språkpolitikk	teiknspråk, nasjonale minoritetsspråk (kvensk, romani og romanes)
Brusseldeklarasjonen for tegnspråkene i EU (2010)	teiknspråk

Dei fleste av desse lovene, konvensjonane og deklarasjonane er ikkje omtala i rapporten. Dimed blir fleire fag heller ikkje diskuterte, med unntak av faga namnegransking (stadnamn) og leksikografi, som rapporten diverre også blandar saman på svært uheldig vis, sjå kap 2.1 og 2.2.

## 1.2 Avgrensing av utsette studietilbod og fagområde

I rapporten blir 'utsett fag' definert som (s. 9):

*Et fag som er tenkt lagt ned ved en institusjon som tilbyr dette som siste gjenværende fag nasjonalt.*

Ein grunnleggjande premiss for kva ein meiner med 'utsette fag', må vere ei avklaring av kva som ligg i omgrepet 'fag'. Mandatet legg også opp til ein diskusjon om distinksjonane mellom 'studiefag', 'forskningsfag' og 'ekspertområde', men gruppa har valt å ikkje gjere det.

Språkrådet meiner at mangelen på ei slik grunnleggjande omgrepsavklaring er uheldig fordi det får avgjerande konsekvensar for kva som blir rekna som fag, og kva som som dimed kvalifiserer til å bli vurdert til ei særfinansiering. Fagområda leksikografi og namnegransking blir omtala som 'ekspertområde' éin stad (s. 6), men som 'fag' ein annan stad (s. 12). Det er også vanskeleg å sjå kvifor desse to faga ikkje skulle vere eigne fag, men delar av eit anna fag.

I vitenskapsteori blir det nytta ulike kriterium for kva som kan vere eit eige fag. Til dømes kan ein nytte sosiologiske kriterium (eit fag har ein eigen fagfellesskap, eigne konferansar osv.), epistemologiske kriterium (eit fag har eit eige omgrepsapparat, eigne metodar osv.) eller studieadministrative kriterium (eige studietilbod i form av emne, studieprogram osv.).

Mangelen på ei slik omgrepsavklaring gjer at rapporten raskt reduserer 'utsette studietilbod og fagområde' til 'utsette studiefag', som igjen blir redusert til 'utsette studieprogram'. Denne syllogismen i rapporten er vanskeleg å forstå og forenkler problemstillinga såpass at dei konkrete bekymringane som er uttrykt i humaniorameldinga (og i sektoren og samfunnet for øvrig), blir definert ut. Ved å samle saman fleire utsette fag i større kategoriar som 'studieprogram' blir det opphavlege problemet løyst på papiret, men ikkje i røynda. Studieprogrammet i nordiske språk tener som døme. Studieprogrammet står sterkt og kan ikkje reknast som utsett. Men fag som tidvis har vore undervisningsemne i programmet, står svært svakt i dag, t.d. namnegransking, leksikografi og terminologi.

Språkrådet meiner difor at ei studieadministrativ tilnærming til fagomgrepet må ta utgangspunkt i 'emne', og ikkje 'studieprogram'. Situasjonen for mange humaniorafag er at dei representerer definerte fag- og forskingsområde som ikkje kan vere eigne studieprogram, men må vere integrerte på emnenivå i eit meir omfattande studieprogram. Fleire utsette fag må difor sikrast på emnenivå.

Rapporten nemner at berre *eksisterande* fag kan kvalifisere til ei særfinansiering. Språkrådet ønskjer å påpeike at det finst fag som det per i dag ikkje finst eit stabilt undervisningstilbod i, men som likevel i høgste grad må seiast å vere eksisterande som fag. Det gjeld til dømes namnegransking, leksikografi og terminologi. Ei ordning bør difor ikkje ekskludere fag som over tid har vore så utsette at det ikkje lenger finst eit stabilt undervisningstilbod i dei. Det er jo nettopp slike fag ei ordning bør sikre.

Som eit siste krav nemner rapporten at eit utsett fag skal vere det siste attverande faget på nasjonalt nivå. Språkrådet meiner det bør vere eit realistisk kriterium, under føresetnad av at det blir rydda opp i forståinga av 'fag', slik at ein ikkje med eit slikt krav berre oppnår å marginalisere sårbare fagområde ytterlegare.

### 1.3 Gradsnivå for særfinansiering

Ekspertgruppa legg terskelen for særfinansiering til undervisning på mastergradsnivå. Grunngevinga i rapporten er:

*Hvis man skal utdanne lærere til skolen på alle nivåer, må utdanningen gis på masternivå. [...] Det taler for at terskelen for støtte bør legges til at det gis mastergrad i faget (s. 13)*

Det kan ikkje vere slik at kravet til eksisterande utdanningstilbod på eit gjeve nivå (her: mastergrad) skal vere bestemt av fag som ikkje blir rekna som utsette. Fleire fag står i dag for svakt til å kunne oppfylle kravet om undervisning på mastergradsnivå, sjå kap. 2.

Ei særfinansieringsordning bør difor heller syte for at undervisningsemna til utsette fag kan eksistere både på bachelor- og på mastergradsnivå.

## 2 Samfunnsbehov og status for utsette språkfag

### 2.1 Stadnamn

#### Samfunnsbehov

Kunnskap om stadnamn høyrer inn under fagfeltet namnegransking (onomastikk) – læra om namn og deira opphav og tyding. Læra om stadnamn (toponymi) er ei hovudgrein innanfor onomastikken (som òg omfattar læra om personnamn og andre namnekategoriar).

I innleiinga til rapporten slår ekspertgruppa fast at ei særfinansieringsordning skal sikre at ein ikkje mister sentrale og nødvendige fag, og at ordninga skal sikre både nasjonale behov og vareta den faglege utviklinga på institusjonane.

Namnegransking, og då spesielt underdisiplinen toponymi, er eit sentralt og nødvendig fag. Både oppretting av nye stadnamn (t.d. adressenamn) og fastsetjing av skrivemåten for eksisterande stadnamn er prosessar som går føre seg i forvaltninga på heilt regulær, dagleg basis. Tilsette i Kartverket, kommunane og i ei rekkje statlege organ er pålagde å følgje lov om stadnamn (sist revidert i 2019). For å vere i stand til å følgje lova og dei tilhøyrande forskriftene<sup>1</sup> krevst det kunnskap om stadnamn. Det er stadig nye tilsette som har stadnamn som arbeidsfelt, og desse treng opplæring i faget. Det er såleis lett å underbygge at det eksisterer eit nasjonalt behov både for forskning i og kunnskap om stadnamn, om lov og forskrifter og om forvaltning av lova (saksgang og prosedyrar).

Vi kan slå fast følgjande årsaker til at stadnamngransking er eit sentralt fagfelt som krev spesialisert kunnskap:

1. Stadnamn er ein viktig del av den immaterielle kulturarven vår.
2. Ei rekkje laupande, lovpålagde forvaltningsoppgåver fordrar spesialisert språkvitskapeleg kunnskap om stadnamn.
3. Stadnamn er ein viktig komponent i tverrfagleg kulturvitskapleg arbeid, m.a. i kombinasjon med kulturminnevern og arkeologi.

Det openberre behovet for kompetente stadnamngranskarar her til lands vil ikkje endre seg så lenge stadnamnlova gjeld. Det er difor heilt essensielt med forskning og undervising/opplæring på fagfeltet. At namnegransking over lang tid har blitt så kraftig bygd ned ved norske lærestader som det faktisk har (sjå under status for faget), er difor både uforståeleg og alvorleg. Allereie i St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (kap. 8.3.3, s. 161 ff.) blir det slått fast at å ikkje sikre seg mot at delar av dette fagfeltet går i gløymeboka etter kvart som både informantar (som kan gi opplysningar om lokal uttale) og fagpersonar (som kan analysere desse opplysningane) fell bort, vil vere eit uerstatteleg tap. At stadnamnfeltet treng særskild røkting ser dimed ut til å ha vore kjent for forvaltninga ei stund. Språkrådet forvaltar som eit resultat av dette også ei tilskottsordning til innsamling av stadnamndokumentasjon frå område i landet der faren er særleg

---

<sup>1</sup> Forskriftene til lov om stadnamn føreligg ikkje i revidert versjon etter endringane av stadnamnlova i 2019, men desse skal reviderast i inneverande år.

stor for at denne viktige kulturdokumentasjonen skal gå tapt. For at dokumentasjonen skal kunna ha verdi, er det ein føresetnad at han blir forvalta av eit kompetent fagmiljø.

Ekspertgruppa konkluderer med at disiplinen *stadnamn* ikkje er utsett, fordi «UiB har påtatt seg et nasjonalt ansvar for leksikografi» (s. 12). Denne konklusjonen er diverre ikkje rett. I språkvitskapleg samanheng dreier leksikografi seg om ordbøker og korleis dei skal lagast (jf. NAOB: «lære, vitenskap om det å lage ordbøker og om ordbøkernes egenart; det å lage ordbøker», jf. òg 2.2 under). Forskingsfeltet namnegransking har både annan teori, andre metodar og eit anna studieobjekt enn leksikografien. Det arbeidet som er gjort ved UiB for å byggje opp eit leksikografisk fagmiljø, er prisverdig, men det kjem ikkje stadnamngranskinga til gode. Stoda for leksikografifaget er skildra nærare i del 2.2.

Sjølv om stadnamn altså er eit heilt anna fagfelt enn leksikografi, gjer misforståinga i rapporten at det der ikkje blir skrive noko meir om stadnamn. Det framstår som ein klar mangel når det innleiingsvis er slått fast at vern av stadnamn medfører behov for spesialisert språkvitskapleg kompetanse. Frå vår synsstad set vi pris på at ekspertgruppa identifiserer stadnamngransking som eit viktig fag. Ekspertane legg ein veldig streng definisjon av «utsette fag» til grunn; eit fag er i praksis utsett lenge før det er vurdert nedlagt ved siste institusjon (jf. definisjonen s. 9). Men for stadnamngransking er situasjonen endå meir alvorleg, sidan det som nemnt ikkje lenger finst spesialiserte studietilbod (sjå neste avsnitt). Jamvel med dei strenge kriteria som er nytta i rapporten, er stadnamngransking eit utsett fag i Noreg (sidan feltet altså ikkje er omfatta av leksikografi).

### Status for faget

*Norsk stadnamnarkiv* blei grunnlagt i 1921 og overteke av staten i 1939. I 1979 blei det lagt under UiO som eit eige institutt (Institutt for namnegransking). Frå 1990 var namnet *Avdeling for namnegransking*. I 1997 blei arkivet ein seksjon under Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, og det blei seinare innlemma i Institutt for lingvistiske og nordiske studium.

Universitetet i Oslo tilbød heilt fram til hausten 2017 emne i namnegransking (der stadnamn er ein integrert del) på bachelor- og masternivå. Døme på desse emna er:

NAVN1100/4100 Innføring i namnegransking, sjå <https://www.uio.no/studier/emner/hf/iln/NAVN1100/>).

NAVN2160/4160 Bruk, vern og forvaltning av namn, sjå <https://www.uio.no/studier/emner/hf/iln/NAVN2160/index.html>

NAVN2161/4161 Namn i historisk perspektiv, sjå <https://www.uio.no/studier/emner/hf/iln/NAVN2161/index.html>

NAVN2162/4162 Personnamn, sjå <https://www.uio.no/studier/emner/hf/iln/NAVN2162/index.html>

NAVN4101 Namnegransking 2, sjå <https://www.uio.no/studier/emner/hf/iln/NAVN4101/index.html>

Emna i namnegransking gjekk inn i studieprogrammet Nordisk, særleg norsk, språkvitskap. Masteremna kunne inngå i følgjande program:

- Nordisk, særleg norsk, språk og litteratur hovudfag fram til våren 2007
- Lektor- og adjunktprogrammet fram til våren 2014
- Europeiske og amerikanske litteraturstudium fram til våren 2016
- Europeiske språk fram til våren 2016
- Lektorprogrammet fram til våren 2020

Som følge av vedtaket om å ikkje lenger forvalte samlingane knytte til leksikografi og namnegransking (sjå også 2.2) blei det våren 2019 slutt på all undervising ved det tidlegare Stadnamnarkivet ved Universitetet i Oslo (den siste i fast stilling er ein personnamngranskar som blir pensjonert i år). Allereie i 2016 blei arkivet *Norsk stadnamnarkiv* overført til Universitetet i Bergen, der det administrativt høyrer inn under universitetsbiblioteket, men utan tilknytte forskarstillingar. Det er dimed berre faget leksikografi som har halde fram ein viss aktivitet ved UiB, gjennom prosjekta knytte til *Bokmålsordboka*, *Nynorskordboka* og *Norsk Ordbok* (sjå 2.2). Det blir ikkje gjeve undervising i leksikografi ved UiB.

Det betyr at namnegransking som studiefag no ligg nede. Med unntak av sporadiske tilbod om einskildkurs knytte til einskildpersonar med namnefaglege interesser, er det per i dag ikkje lenger faste emnetilbod i namnegransking ved noko norsk universitet. Det er ikkje kjent at det er konkrete planar om å tilby faste emne i namnegransking med det første (UiB kunne ha integrert slike emne som del av studietilbodet i nordisk språk og litteratur). Dette trass i at Språkrådet meiner det er avgjerande for det framtidige arbeidet med stadnamn i Noreg «at navnesamlingene ved Universitetet i Bergen og andre steder blir samordnet i digitale løsnings- og tilgjengelige for alle, og at stedsnavnfaget blir revitalisert som forskings- og undervisningsdisiplin» ([Språkrådet: Årsrapport 2018, s. 35](#)).

Vi må konkludere med at det ikkje kan vere tvil om at faget namnegransking må definerast som eit «utsett humaniorafag». Ikkje berre praktisk kunnskap om og ferdigheiter i handsaming av stadnamn, men også teoretisk kompetanse i onomastikk, er svært viktig for sentrale samfunnsbehov og samfunnsinteresser innan forvaltning og kultur. Og når basiskunnskap om stadnamn er nødvendig rundt om i dei mange kommunane i Noreg, krevst det òg folk med langt grundingare kunnskapar om fagfeltet for at det skal vere mogleg å halde oppe eit opplæringsprogram som kan bringe vidare denne basiskunnskapen.

Samfunnsrelevansen og samfunnsbehovet for god kunnskap om stadnamn kan ikkje bli understreka sterkt nok. Noreg treng altså kompetente namnegranskarar – og dette behovet kjem til å halde seg også vidare framover. I tillegg til stadnamngranskinga er også personnamnforskinga eit viktig felt som har med sentrale kultur- og identitetsmarkørar å gjere. Difor må namnegransking gjenopprettast som studie- og forskingsfag ved minst éin høgare utdanningsinstitusjon og skjermast mot nedlegging i framtida. Det følgjer av dette at stadnamngransking må få den særskilde støtta som rapporten føreslår for utsette humaniorafag.

## 2.2 Leksikografi

### Samfunnsbehov

Faget leksikografi tek føre seg utarbeiding av ordbøker og andre leksikalske ressursar og utvikling av teoriar om ordbøkers tilkomst, eigenskapar, formål og bruk. Leksikografien står nær faget leksikologi (òg kalla leksikalsk semantikk), som studerer språks ordtilfang, særleg tyding og strukturelle eigenskapar ved leksikalske einingar. Leksikografar arbeider dels praktisk med å utvikle og halde ved like ordbøker og dels teoretisk med studium av ord og ordtilfang. Ressursar utvikla av leksikografar utgjer ein sentral – men ofte usynleg – del av elektroniske hjelpemiddel som retteprogram, skrivestøtteprogram og omsetjingsprogram.

Ordbøker og leksikalske ressursar av ulike slag utgjer ein sentral del av den språklege infrastrukturen i eit samfunn. Nokre døme på kor viktige leksikalske ressursar er i det norske samfunnet:

- I skolen speler bruk av ordlister, ordbøker, skrivestøtteprogram, retteprogram og omsetjingsprogram ei viktig rolle i språkopplæringa. Det gjeld opplæring i både morsmål og framandspråk. Opplæringslova § 9-4 fjerde ledd seier at «[o]rdlister og ordbøker til skolebruk skal godkjennast av Språkrådet». Denne lovpålagde arbeidsoppgåva føreset at Språkrådet har kompetanse i leksikografifaget.
- Ordlistar, ordbøker og andre ressursar som gjev informasjon om rett stavemåte og bøyning, er blant dei viktigaste reiskapane styresmaktene har til å spreie kunnskap om dei offisielle rettskrivingsnormene for nynorsk og bokmål. Jf. òg *Høyringsnotat – utkast til lov om språk (språklova)*, side 81: «Departementet føreslår også å slå fast det som i dag er den faktiske situasjonen, nemleg at Språkrådet forvaltar dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk, og at Språkrådet skal bidra til at autoritative rettskrivingsordbøker er tilgjengelege i papirbasert og elektronisk form.»
- Store vitskaplege dokumentasjonsordbøker og historiske ordbøker er resultat av omfattande grunnforskning og fungerer som databasar om språkbruk i ulike tidsperiodar. Desse ordbøkene er ein del av den immaterielle kulturarven vår. Jf. St.meld. 35 (2007–08), *Mål og meining*, s. 163: «Alle former for ordbøker og leksikalske oppslagsverk utgjer ein viktig del av den totale skriftkulturelle infrastrukturen i eit språksamfunn. Alt dette er på sitt vis med på å styrkja skriftkulturen spesielt og nasjonalspråket generelt.»
- Ordlistar, ordbøker og andre leksikalske ressursar inngår som grunnlagsmateriale til bruk i utvikling av språkteknologiske verktøy og hjelpemiddel.
- Store og godt oppdaterte leksikalske ressursar er ein føresetnad for at Språkrådet skal kunne gjere dei vedtektsfeste oppgåvene knytte til språkobservasjon (Språkrådets vedtekter, § 1) og språknormering for bokmål og nynorsk (§ 3).

Dei fleste typar leksikalske ressursar blir aldri ferdige. Om dei skal skildre språket slik det blir brukt i samtida, må dei heile tida haldast ved like og oppdaterast. Utviklinga av elektronisk leksikografi og språkteknologi har revolusjonert utviklinga av ressursar, men det er umogleg å utvikle gode ordbøker utan høgt utdanna fagfolk. Det er difor eit laupande behov for velkvalifiserte leksikografar i Noreg.

### Status for faget

*Norsk leksikografisk institutt* blei oppretta ved Universitetet i Oslo i 1972 som følgje av stortingsbehandlinga av språksaka i 1971 i kjølvatnet av Vogtkomiteens innstilling frå 1966. Instituttet gjekk i 1990 inn i Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, seinare omorganisert til Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN). Det blei undervist i leksikografi på ulike nivå ved UiO fram til og med vårsemesteret 2017. Dei siste åra blei desse emna tilbydde:

LEKS1100 – Leksikografi 1 (10 stp.)

LEKS2100 – Leksikografi 2 (10 stp.)

LEKS4100 – Leksikografi 3 (10 stp.)

Leksikografiemna kunne kombinerast med studium i nordiske språk og lingvistikk og med andre språkemne. Dei kunne danne del av masterstudium i språkprogrammet eller lektor- og adjunktprogrammet.

I 2014 vedtok styret ved ILN at instituttet ikkje lenger ville forvalte og drive samlingane knytte til leksikografi og namnegransking. Som følgje av dette blei leksikografimiljøet oppløyst, og undervisinga

i faget tok altså slutt i 2017. Dei leksikografiske samlingane og ressursane blei overførte til Universitetet i Bergen.

I dag har UiB ved eininga Språksamlingane ansvar for ei rekkje leksikografiske ressursar, m.a. *Bokmålsordboka*, *Nynorskordboka* og *Norsk Ordbok*. Det er knytt eit fåtal faste stillingar til drift og utvikling av ressursane. For perioden 2018–2023 finansierer Kulturdepartementet gjennom Løyving til Språkrådet eit prosjekt for revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, og til dette er det knytt fleire faste og mellombelse stillingar. Kulturdepartementet finansierer òg eit prosjekt for revisjon av den eldste delen av *Norsk Ordbok*.

Som studiefag ligg leksikografi i dag nede, men det er planar om å tilby eit emne i leksikografi og leksikologi ved UiB hausten 2020 som del av studietilbodet i nordisk språk og litteratur. Det er i utgangspunktet snakk om eit eingongstilbod, og UiB har ikkje forplikta seg til å ha eit fast tilbod i faget. Når ekspertgruppa skriv at «UiB har påtatt seg et nasjonalt ansvar for leksikografi, og integrerer det i sitt miljø i nordisk språk og litteratur» (s. 12), stemmer altså ikkje dette.

Språkrådet meiner det ikkje er tvil om at faget leksikografi kjem inn under ein rimeleg definisjon av «utsette humaniorafag». Kompetanse i praktisk og teoretisk leksikografi er svært viktig for sentrale samfunnsbehov innan utdanning og kultur, og ikkje minst er både kompetanse og utvikling av ordbokprodukt viktig for at Noreg skal kunne utvikle digitale ressursar som bruker norsk språk. Noreg treng kompetente leksikografar og kjem til å trenge det vidare framover. Difor må leksikografi opprettast som studie- og forskingsfag ved minst éin høgare utdanningsinstitusjon og skjermast mot nedlegging i framtida.

## 2.3 Terminologi

### Samfunnsbehov

Faget terminologi tek føre seg omgrepsanalyse, utarbeiding av definisjonar, fastsetjing av fagtermar og oppføring av desse i termbasar eller termlister. Terminologi skil seg frå leksikografi ved at terminologi tek særskilt føre seg omgrep i fagspråket og nyttar andre metodar, teoriar og verktøy i arbeidet.

I lov om universiteter og høyskoler § 1-7 heiter det at «[u]niversiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk». I lovforarbeidet (Ot.prp. 71 (2008–2009)) blir det peikt på behovet for å utvikle parallellspråklege termlister på norsk og engelsk som eit verkemiddel for å vidareutvikle norsk fagspråk. Eit slikt arbeid må gjerast ved hjelp av metodar og praksis bygd på kompetanse i faget terminologi. Språkrådet, som er nasjonalt samordningsorgan for terminologiutvikling, ser at mangelen på kompetanse i terminologi fører til at slike termlister ikkje blir utvikla i tilstrekkeleg grad til å etterleve paragrafen i universitets- og høgskulelova. Med andre ord er det eit stort etterslep i utviklinga av norsk fagspråk, særleg i fag med høgt innslag av engelsk i undervising og forskning. Behovet for å utvikle termlister på fleire språk er også omtala i Humaniorameldinga, både for å styrkje norsk fagspråk (kap 6.4) og for å utvikle grunnlagsressurar i språkteknologi (kap. 2.2).

Dei siste åra har det dessutan vakse fram ein etterspurnad etter terminologisk kompetanse i samband med satsinga på digitalisering og modernisering av offentleg sektor. Harmonisering av omgrep i ulike lover og forskrifter er ein føresetnad for eit digitaliseringsvenleg lovverk. Ein meir brukarvenleg og effektiv offentleg sektor inneber gjenbruk av data mellom ulike verksemder. Det inneber eit felles forvaltningspråk med sams fagtermar og -definisjonar. I Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda* står det at «[f]elles forståelse av begreper er helt nødvendig for å digitalisere

offentlige tjenester som berører mer enn én forvaltningsorganisasjon». Det årlege digitaliseringsrundskrivnet i offentlig sektor peikar også på utarbeiding og tilgjengeleggjering av termlister i dei ulike forvaltningsorgana. Eit slikt omfattande arbeid med å etablere ein presis forvaltningsterminologi bør også sjåast i samanheng med det lovpålagde kravet om at norsk skal vere forvaltningsspråket i den nye forvaltningslova. Til det trengst det fastsett forvaltningsterminologi i form av termlister. Eit slikt arbeid krev god fagkompetanse i terminologi.

Digitaliseringsdirektoratet har i samarbeid med fleire offentlege verksemdar, også Språkrådet, fått på plass fleire forvaltningsstandardar på terminologiområdet. Men vi ser at det manglar kompetanse i terminologiske prinsipp og metode for å kunne gjere det naudsynte arbeidet på området. Eit slikt undervisingstilbod i terminologi må kome frå universitets- og høgskolesektoren og må vere tilknytt eit forskingsmiljø for terminologi.

### Status for faget

UiB hadde eit halvårsstudium i terminologi som ein del av studieporteføljen sin i perioden 1987–1998. Ved NHH var terminologi ein integrert del av eittårsstudia i framandspråk for næringslivet (fagomsetjarstudiet i tysk, fransk og engelsk) i perioden 1977–2005.

Etter innføringa av kvalitetsreforma oppretta UiB og NHH eit felles studieprogram i språk og interkulturell kommunikasjon på bachelornivå (SPIK). I studieprogrammet var det to emne i terminologi:

- SPIK102 Fagspråk og terminologi I
- SPIK103 Fagspråk og terminologi II

Dei to emna var ein del av studieporteføljen i perioden 2007–2015.

I 2005 blei det dessutan etablert eit nettbasert undervisingstilbod i terminologi på mastergradsnivå (Termdist). Tilbodet på 7,5 studiepoeng var eit nordisk samarbeid mellom Copenhagen Business School (Danmark), Vasa universitet (Finland), Terminologicentrum TNC (Sverige), Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum (Island) og Noregs handelshøgskole. Termist hadde brei nasjonal rekruttering med kandidatar med variert bakgrunn, noko som synte behovet for eit undervisingstilbod i faget. Termdist blei lagt ned i 2016 pga. lokale krav til rekruttering hos den danske samarbeidspartnaren, Copenhagen Business School, som måtte avvike undervisingstilbodet og fagmiljøet sitt i terminologi.

Erfaringane frå Termdist syner at nordisk samarbeid er mogleg for utsette humaniorafag, men samstundes sårbart når faget blir lagt ned i ein av samarbeidsinstitusjonane i eit anna nordisk land.

I dag finst det ikkje lenger eit studietilbod i terminologi. Det skjer enno noko forskning, og det finst enno førstekompetanse i faget i Noreg, men utan ei særleg tilføring av ressursar gjennom t.d. ei særfinansiering, vil faget forsvinne heilt. Terminologi er eit svært utsett fag, men vil ikkje kunne bli vurdert til ei særfinansiering om ein legg krava i rapporten til grunn.

Språkrådet meiner difor at terminologi må opprettast som studie- og forskingsfag ved minst éin høgare utdanningsinstitusjon og skjermast mot nedlegging i framtida.

## 2.4 Nasjonale minoritetsspråk

### Samfunnsbehov

*Dei nasjonale minoritetane* er folkegrupper som har ei særleg og langvarig tilknytning til Noreg, og omfattar kvenene/norskfinnane, taterane/romanifolket, romane, jødane og skogfinnane. (Samane høyrer ikkje med i dette manntalet, då samane har ein spesiell status som Noregs urfolk.) Dei tre

førstnemnde av desse gruppene har eigne språk, høvesvis *kvensk*, *romani* og *romanes*, og desse språka har difor status som Noregs nasjonale minoritetsspråk.

Alle tre må reknast som sterkt truga språk, skjønt det er store skilnader når det gjeld kva slags trugslar dei står overfor, og kva sterke sider dei har. Kvensk språk blei hardt ramma av fornorskingspolitikken, og språket har i dag få morsmåltalarar. På den andre sida finst her ein etter kvart godt oppbygd infrastruktur for å revitalisere språket, med lærebøker, grammatikkbøker og noko språkundervising i skule og barnehagar. Romani har òg veldig få morsmåltalarar, men her er det diverre gjort veldig lite dokumentasjon av språket, det finst ikkje noko normert skriftspråk, og det finst òg veldig lite materiell til opplæring. Romanes er på si side eit fullt levande munnleg språk blant romane, men det har ingen skriftleg tradisjon, så skriftleg materiell til undervising og andre føremål vantar.

Noreg har underteikna internasjonale konvensjonar (sjå ovanfor) som pålegg oss å verne og fremje dei nasjonale minoritetsspråka, og å verne om retten minoritetane har til å utøve eigen kultur, inkludert språk. Ein heilt essensiell del av dette arbeidet er å tilby undervising i og på språka, ikkje minst når talet på morsmåltalarar er veldig lågt og ein treng fleire barn med kompetanse i språket. Denne undervisinga er difor viktigast på førskule- og barneskulenivå, men for å kunne gje eit slikt undervisingstilbod treng ein òg personar med kompetanse til å undervise. Denne kompetansen må ein få på same nivå som annan skulefagleg kompetanse, nemleg på universitets- og høgskulenivå. Dette fordrar at minoritetsspråka må finnast som slike fag.

Minoritetsspråkfag i høgare utdanning trengst ikkje berre som kjelde til lærarkompetanse for undervisinga på grunnskulenivå, men òg som ei moglegheit for minoritetsspråkbrukarane sjølve til å fordjupe seg i sitt eige språk på eit høgare nivå. Eit viktig tiltak for å fremje truga minoritetsspråk er å ta dei i bruk på dei same samfunnsarenaane som majoritetsspråka, og dimed syne at minoritetsspråk fungerer like godt som andre språk uansett samanheng, det vere seg i offentleg administrasjon, i rettsvesenet, i kunst- og kulturliv – og altså i forskning og høgare utdanning.

I somme kvenske/norskfinske miljø vil ein heller nytte finsk som skriftspråk i staden for kvensk. Dette gjeld òg når foreldra i slike miljø vel minoritetsspråksundervising for barna, så skular i slike miljø tilbyr gjerne finsk i staden for, eller saman med kvensk. Sjølv om finsk ikkje har status som nasjonalt minoritetsspråk i Noreg, har desse miljøa krav på å få finskundervising om dei ønskjer det, ettersom bruk av finsk vil vere verna som ein del av norskfinsk kultur, og dimed falle inn under Europarådets rammekonvensjon (sjå ovanfor). Men eit slikt undervisingstilbod fordrar at det finst lærekrefter med universitets- eller høgskulekompetanse i finsk.

### Status for faget

Per i dag finst det ikkje noko norsk universitet eller høgskule som har romani eller romanes i fagkrinsen. Dette heng saman med mangelen på god dokumentasjon av språka, sidan slike data (ordbøker, grammatikkar osv.) er ein føresetnad for å kunne tilby språkstudium. Like fullt bør vi førebu oss på den dagen då slik dokumentasjon er på plass, og det blir mogleg å utvikle universitets- og høgskulefag i desse to språka. Då må det økonomiske grunnlaget òg vere på plass.

Både kvensk og finsk blir tilbydd på bachelor- og masternivå på UiT – Noregs arktiske universitet, men dette er òg den einaste institusjonen for høgare utdanning som har desse to språka i porteføljen. Det er difor svært viktig at desse faga held fram ved UiT.

## 2.5 Nyare innvandrarspråk

### Samfunnsbehov

Nyare minoritetsspråk er språk som har kome til Noreg gjennom moderne innvandring, dvs. gjennom dei siste 50–100 åra. I Noreg blir det ikkje ført statistikkar over språk og språkbrukarar, så ingen veit eksakt kor mange nyare minoritetsspråk vi har i Noreg i dag, eller kor mange brukarar dei ulike språka har. Ifølgje eit røft overslag frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet finst det mellom 150 og 300 slike språk her i landet.

I motsetnad til dei nasjonale minoritetsspråka har desse språka ikkje offisiell status i Noreg. Dei er heller ikkje verna av den europeiske minoritetsspråkpakta, av di denne eksplisitt er meint som vern berre for tradisjonelle minoritetsspråk i land som har ratifisert ho. Men det tyder ikkje at brukarar av nyare minoritetsspråk ikkje har nokon språklege rettar. Opplæringslova (§ 2-8) slår fast at «[e]lvar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.» Også her følgjer det at ein treng lærarar med kompetanse i nyare minoritetsspråk for å møte desse krava.

### Status for faget

Det er sjølvsagt urealistisk å vente at samfunnet skal ha lærarkrefter tilgjengeleg i alle dei opp mot 300 minoritetsspråka, men i somme av dei største språka burde det vere mogleg. Det fordrar tilbod om høgare utdanning i aktuelle språkfag. Her er det ikkje dei store vesteuropeiske språka engelsk, tysk, fransk og spansk som er problemet, men språk utanfor Vest-Europa. Blant dei ikkje-vestlege språka som finst som universitetsfag, er det store fleirtalet berre å finne på Universitetet i Oslo. Det gjeld polsk, tsjekkisk, bosnisk/serbisk/kroatisk, tyrkisk, persisk og hindi. Elles finst arabisk, kinesisk og japansk som fag på både UiO og UiB, og russisk på endå fleire institusjonar. Følgjeleg er det mange av dei større språka blant nyare minoritetsspråk som ikkje har noko fagtilbod i Noreg (t.d. litauisk, somali, kurdisk, tamil og vietnamesisk). Ein burde sjå etter moglegheiter for å opprette fagtilbod i somme av desse, og ha økonomiske midlar i bakhand, men først og fremst er det viktig å halde dei eksisterande språkfaga som UiO er aleine om, gåande. Til denne lista bør ein òg leggje eitt vesteuropeisk språk, portugisisk, av di det òg berre finst i fagkrinsen til UiO.

## 2.6 Norsk teiknspråk

### Samfunnsbehov

I Noreg er det mellom 16 500 og 25 000 teiknspråkbrukarar.<sup>2</sup> Den teiknspråklege minoriteten er samansett av døve, høyrselshemja og høyrande teiknspråkbrukarar. Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket og er definert som vår felles kulturarv. Dei siste ti åra har det blitt svekt ved at alle dei statlege døveskulane har blitt lagde ned. Dette bidreg til at tilgangen til gode språkmiljø for barn og unge er dårlegare enn tidlegare. I tillegg er fordommar og mytar om norsk teiknspråk utbreidde, og dei er også medverkande faktorar til svekkinga av norsk teiknspråk, både hos språkbrukarane sjølve og i samfunnet elles.

Lovbaserte krav og folkerettslege plikter:

---

<sup>2</sup> Jf. framlegg til språklav

Ekspertgruppa viser til ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar, Deklarasjonen om nordisk språkpolitikk og Den europeiske pakta om region- og minoritetsspråk. Samisk har ifølgje ekspertgruppa ei målretta finansiering frå KD gjennom Samisk høgskole, i tillegg til at UiT og Nord universitet har nasjonale ansvar for høvesvis nordsamisk og sør- og lulesamisk. Ekspertgruppa tek høgde for og viser til invitasjonar til blant anna «språkpolitiske tiltak for å styrkje nasjonale minoritetsspråk, norsk teiknspråk og samisk». Dei skriv at «(d)et er vanskelig å se for seg at opprettholdelsen av samisk skal være avhengig av en særfinansieringsordning som skal være felles for flere humanistiske fag når språket er så beskyttet i nasjonal og internasjonale lover og konvensjoner». Samme argumentasjon må seiast å gjelde også for norsk teiknspråk, men norsk teiknspråk er utelate i dette avsnittet. Språkpolitisk sett er norsk teiknspråk og samiske språk jamstilte, og dei må behandlast likt. Målretta finansiering må til for språkstyrking av norsk teiknspråk.

I Noreg har vi folkerettslege plikter gjennom ratifiseringa av FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). Teiknspråk blir nemnt eksplisitt i artikkel 2 under definisjon av språk, artikkel 9 under eit av tiltaka for tilgjenge, artikkel 21 under yringsfridom, meningsfridom og tilgang til informasjon, artikkel 24 under utdanning og artikkel 30 om deltaking i kulturlivet, rekreasjon, ferie og sport. For å kunne vareta lov om folketrygd, der retten til teiknspråktolkar er forankra, må det også bli levert nok tolkar av god kvalitet. Døvekyrkja har også eit samfunnsoppdrag til å gje døve og høyrselshemja kyrkjelege tenester på teiknspråk. I tillegg blir det i språklovsframlegget synt til at norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg, og at det skal ha vern og bli fremja (føremålsparagrafforslaget.)

Behov for humanistisk kompetanse i skulen:

Teiknspråk som førstespråk er ein rett i opplæringslova med tilhøyrande fire læreplanar. For å kunne gje god opplæring i og på teiknspråk må ein ha tilgang til lærarar og barnehagelærarar som meistarar norsk teiknspråk flytande, og som kan visuell didaktikk og pedagogikk og andre tilgrensande fagkombinasjoner. Opplæringslova er no ute på høyring, og ei endring her vil få konsekvensar for faget teiknspråk og auke behovet for teiknspråkkunnige. Kravet til lærarkompetanse er nedfelt i forskrift til opplæringslova med tal på studiepoeng.

### Status for faget

Det er gjennom mange år blitt gjennomført mange adhociltak med omsyn til studietilbod og studieløp i UH-sektoren. Kompetanse for kvalitet (KFK) for lærarar er eit deltidsstudium som blir gjeve, men som i praksis er nybyrjaropplæring i teiknspråk. Uteksaminerte kandidatar er ikkje gode nok i korkje visuell pedagogikk eller norsk teiknspråk. Dette gjev teiknspråkfaget og døve og høyrselshemja elevar ustabile og uføreseielege rammer, trass i fleire lovforankringar og uttrykte samfunnsmessige behov. Teiknspråk som fagområde har blitt nedprioritert i heile UH-sektoren over lang tid. Universitetet i Oslo ved ISP og ILN tilbydde eit studieløp (grunnfag, mellomfag og master) i teiknspråklingvistikk, der undervisingspråket var norsk teiknspråk, fra midten av 1990-åra til 2011. Dette faget blei lagt ned trass i at språkmeldinga, som kom i 2008, anerkjende norsk teiknspråk som eit fullverdig norsk språk og som ein del av norsk kulturarven. Språkrådet meiner at faget må revitaliserast, og det må i tillegg på plass grunnforskning i norsk teiknspråk og i døvekultur og -historie på universitetsnivå. Det er tre utdanningsinstitusjonar i Noreg i dag som tilbyr teiknspråk og tolking, og alle har utdanningstilbud på bachelornivå. Det er svært viktig at det kjem på plass eit masterløp i faget.

## 2.7 Datalingvistikk

### Samfunnsbehov

Faget datalingvistikk tek føre seg utvikling av og forskning på naturleg språkprosessering. Datalingvistikk er ein kombinasjon av lingvistikk og informatikk, og i nokre tilfelle andre fag. Kompetanse i datalingvistikk er ein føresetnad for å utvikle språkteknologiske produkt av høg kvalitet som t.d. taleattkjenning, talesyntese, maskinomsetjing, søkjefunksjonar, stavekontrollar, automatisk faktasjekking av nyheiter, såkalla samtalerobotar (chatbots) og digitale assistentar med meir. Språkteknologiske produkt som skal fungere på norsk, må også utviklast frå grunnen av på norsk. Det er teknisk umogleg å lage dei som ei omsetjing frå engelsk til norsk.

I dag blir det utvikla fleire språkteknologiske produkt som skal forenkle og modernisere offentleg sektor. I framlegget til ny forvaltningslov (NOU 2019:5 Ny forvaltningslov) blir det slått fast at forvaltningsspråket er norsk (paragraf 8) og at språket skal vere klart, presist og tilpassa mottakaren om det er mogleg (paragraf 9). I framlegget til ny språklov står det også at norsk er det samfunnsberande språket og forvaltningsspråket i Noreg (paragraf 4). Dei språkteknologiske produkta og tenestene må eksistere på norsk, og på begge målformer, skal lovverket etterlevast og språkpolitikken oppfyllest.

Fleire forvaltningsorgan utviklar no samtalerobotar (chatbots) som skal svare på førespurnader frå publikum. I dag finst slike robotar stort sett berre på bokmål, og det vil vere eit behov for å byggje opp slike løysingar for nynorsk òg. Stortinget og domstolane utviklar automatisk diktering med taleattkjenning, men det finst ikkje noko taleattkjenningsprodukt som kan kjenne att alle norske dialektar. Taleattkjenningsprodukta på marknaden i dag kan kjenne att det som ofte blir kalla 'standard austnorsk' (men som ikkje er ein standard med nokon formalisert status) og dialektar som liknar. Dei fleste tekstprosesseringsprodukt er dessutan berre tilgjengelege på bokmål.

Språkteknologi er dessutan ein naudsynt del av universell utforming. Universell utforming inneber at tenester og produkt skal ta omsyn til variasjonen i funksjonsevne hos innbyggjarane, inkludert personar med nedsett funksjonsevne. Til dømes skal innbyggjarar som ikkje kan nytte tastatur, få tilgang til brukartilpassa tenester ved hjelp av taleknologi. Eit anna døme er innbyggjarar som ikkje er i stand til å lese informasjon på t.d. offentlege nettstader. Dei må ha tilgang til fungerande taleattkjenningsprodukt. Desse språkteknologiske produkta vil dessutan spele ei viktig rolle for eit inkluderande arbeidsliv.

I helsesektoren er ny velferdsteknologi avhengig av gode språkteknologiske produkt. Skal helsepersonale diktere informasjon direkte til pasientjournalar, må det utviklast taleknologi av fagpersonar med rett kompetanse. Andre bruksdøme er styring av datasystem i operasjonsstover ved hjelp av stemma.

Språkteknologiske produkt for offentleg sektor blir i dag utvikla både av norske og kanskje særleg av internasjonale selskap. Erfaringane til Språkrådet er at språkteknologibransjen har kunnskap og ressursar til å utvikle språkteknologiske produkt på bokmål, men i liten grad på nynorsk. Med andre ord finst det ikkje nok datalingvistar som meistrar begge målformene, og det fører til mangel på eller etterslep av språkteknologi på nynorsk. Som ein konsekvens vil det vere vanskeleg å etterleve krava i ny forvaltningslov og ny språklov. I siste instans vil språkteknologien ikkje sikre dei demokratiske rettane til alle borgarane i landet.

Norsk er eit komplisert språk å utvikle språkteknologi for. Ikkje berre har vi to skriftspråk, men vi har ikkje noko standard talespråk. Dette er ein uvanleg situasjon i verdssamanheng. Taleattkjenning på

norsk må utviklast på eit slikt vis at programvara kan kjenne att mange dialektar. I nabolanda våre treng teknologien å bli utvikla til å berre kjenne att eit standard talespråk. Dette krev omfattande ressursar, og det er ei utfordring for utviklarar i utlandet. Utan eit sterkt, nasjonalt fagmiljø med taleteknologikompetanse og lokale verksemder er det vanskeleg å få den kvaliteten på taleattkjenningsprodukt som vi har behov for, til dømes på Stortinget og i domstolane.

### Status for faget

Universiteta i Oslo og Bergen tilbyr ikkje lenger undervising i datalingvistikk under institutta for lingvistikk, som før.

Rett nok kan kan språkteknologi studerast ved Institutt for informatikk ved Universitetet i Oslo, som tilbyr eit bachelor- og eit mastergradsstudium i språkteknologi, og som einskildemne som ein del av eit ingeniørstudium ved NTNU, men det er eit anna fag enn datalingvistikk.

Få studentar med lingvistikkbakgrunn har dei matematikk- og informatikk-kunnskapane som trengst for å kunne studere språkteknologi slik det blir tilbydd ved NTNU. Det er ikkje lenger mogleg å studere taleteknologi, og taleteknologibransjen etterlyser språkteknologar med norsk som morsmålsbakgrunn. Det er eit problem for utviklinga av språkteknologiressursar på norsk at det ikkje finst nok språkteknologar med ein solid lingvistikkbakgrunn. Bransjen har behov for den typen kompetanse som studia ved LFG (Language Technology Group) ved UiO og NTNU gjev, men i tillegg er det behov for språkteknologar med tyngre lingvistikkbakgrunn. Dette er særleg eit problem for utvikling av taleteknologi. Det sterke taleteknologimiljøet ein hadde i Noreg for nokre tiår sidan, og som gjorde NST mogleg, eksisterer ikkje lenger, og det er vanskeleg å etablere språkteknologiverksemder, særleg verksemder som utviklar taleteknologi, utan denne kompetansen. Slik blir det opp til utanlandske verksemder utan naudsynt kompetanse i norsk å utvikle den teknologien som trengst i Noreg.

### 3 Avsluttande merknader

Språkrådet meiner det er vesentleg at ei ordning med særfinansiering av utsette fag må kunne femne om fag som faktisk er utsette. Det gjer ikkje forslaget i rapporten i tilstrekkeleg grad.

Rapporten konkluderer med ei forståing av utsette fag som er for snever, og han føreslår ein terskel for særfinansiering som ekskluderer fag som skal levere fagkompetanse til norsk forvaltning, og som faktisk er svært utsette. Det gjeld fag som tidlegare berre har eksistert på emnenivå, men som i dag står utan eit eksisterande, stabilt undervisingstilbod, t.d. namnegransking, leksikografi, terminologi og datalingvistikk. Ei særfinansieringsordning må ta situasjonen for slike fag på alvor.

Språkrådet ønskjer også å peike på at kravet om mastergradsnivå ekskluderer fag som per i dag berre finst på bachelornivå, t.d. teiknspråk og faga ovanfor, som det finst eit openbert samfunnsbehov for. Terskelen er difor for høg, etter vårt syn.

Språkrådet meiner at den føreslåtte ordninga i rapporten i altfor liten grad sikrar reelt utsette fag. Vi oppmodar difor Kunnskapsdepartementet til å gå i dialog med Kulturdepartementet og Språkrådet for å sikre at små humaniorafag som har særskild samfunnsrelevans, blir sikra særskild, stabil og langsiktig finansiering.